

Trefelling i sentrum

27.07.2016



Fagmann på trefelling, Øyvind Hatteberg, skjer ned almetreet bit for bit.

Det 15 meter høge almetreet mellom Gamleskulen og Rabben vert felt i dag. ' Tredoktor ' og fagmann er Øyvind Hatteberg. Ved bruk av lift vert treet skore ned bit for bit. Det er ein trygg og god måte å fella store tre på, som ofte står trangt til i tettbygde område.

Alm er eit varmekjært treslag som veks mykje kvart år. Grunneigar, Reidar Myklebust, er godt nøgd med at treet vert fjerna. Med dette vert det lysare i tunet. Ein slepp å reinska takrennene og ein er fri for grønske og mose på alt treverk.

Almetreet har stått i grensa med Gamleskulen. Uskedal utvikling er eigar og trefellinga vil føra til at det vert enklare å halda bygget og uteområde reint. Ikkje minst vert utsikten betre for alle som bur i sentrum og i Skårhaug. Kostnaden med trefellinga vert dekka av Uskedal utvikling og Reidar Myklebust.



Like etter oppstart.



Greinene vart fjerna, bit for bit.



Etter effektiv jobbing var berre denne stubben att kl.17.45.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland / Kristian Bringedal